

St.prp. nr. 2

(2008–2009)

Om bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes i Kvinnherad kommune i Hordaland

*Tilråding fra Samferdselsdepartementet av 3. oktober 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes i Kvinnherad kommune i Hordaland. Ferjekaia vil erstatte noverande ferjekai på Løfallstrand i sambanda til Gjermundshamn og Varaldsøy. I tillegg til bygging av ferjekai på Årsnes vil det bli gjennomført utbetringstiltak på rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes.

Det er lagt opp til anleggsstart våren 2009. Ferjekaia er planlagt opna for trafikk hausten 2010. Utbetringstiltaka på riksvegen mellom Løfallstrand og Årsnes vil bli gjennomførte parallelt med bygginga av ferjekaia.

Tiltaka er føresett finansierte med statlege midlar og bompengar. Bompengeinntektene vil komme frå auka takstar i ferjesambanda. Delar av finansieringa er basert på utsett statleg refusjon av tidlegare forskoterte midlar frå Kvinnherad kommune.


Prosjektet er omtalt i St.prp. nr. 1 (2005-2006), side 129.

2 Omtale av dagens situasjon og planlagde tiltak

Riksvegferjesambandet mellom Løfallstrand og Gjermundshamn er viktig både for lokaltrafikk og for langdistansetrafikk til og frå Sør- og Austlandet. Rv 551 frå Odda til Løfallstrand, ferje til Gjermundshamn og rv 48 vidare frå Gjermundshamn mot Bergen, er eitt av fleire nytta reiseval på strekninga mellom Odda og Bergen. For lokalbefolkinga i Kvinnherad, på sørsida av Hardangerfjorden, er ferjesambandet den mest nytta reisevegen over fjorden og vidare mot Bergensregionen. I tillegg til sambandet mellom Løfallstrand og Gjermundshamn er det fylkesvegferjesamband mellom Løfallstrand og Varaldsøy.

Ferjekaia på Løfallstrand er gammal og nedslitten. Kaia er kort og djupneforholda ved kaia gjer at ein ikkje kan setje inn større ferjer enn dei som trafikkerer ferjesambanda i dag. Oppstillingsplassen er for liten i forhold til trafikken i sambandet.

På Årsnes, om lag 4 km nord for Løfallstrand, ligg det eit delvis planert industriområde med molo og gode seglingsforhold. Ved å flytte ferjekaia frå Løfallstrand til Årsnes vil seglingstida over Hardangerfjorden bli redusert frå om lag 25 minutt til om lag 20 minutt. Dette gjeld både for sambandet til Gjermundshamn og sambandet til Varaldsøy. Reisetida mellom Odda og Bergen vil samla bli



Figur 2.1 Kartskisse

redusert med om lag 10 minutt, sidan køretida også blir kortare frå Odda til den nye ferjekaia. For trafikk frå områda sør for Løfallstrand vil køretida til den nye ferjekaia auke, men summen av køretid og seglingstid blir om lag som i dag.

Den nye ferjekaia vil få ein oppstillingsplass med god kapasitet. Parkeringsplass, buss- og taxihaldeplass og gangvegar vil bli bygde på molo-området. Etter at ferjekaia er opna for trafikk vil strekninga Løfallstrand – Årsnes inngå i rv 48. Riksvegen 551 frå aust vil bli kopla til rv 48 i eit t-kryss.

Parallelt med at ferjekaia blir flytta til Årsnes vil det bli gjennomført utbetringstiltak på riksvegen mellom Løfallstrand og Årsnes. Dagens veg er smal, med dårlig sikring av mjuke trafikantar og dårlig vertikalprofil. Strekninga har mange avkøyrslar med dårlige sikt- og stigningsforhold og manglande støyskjerming. Det vil bli bygd møteplassar og fortau på delar av strekninga. I tillegg er det aktuelt med skogrydding langs vegtraseen, slik at siktforholda blir betra.

Bygging av ny ferjekai på Årsnes er kostnadsrekna til 60 mill. kr. I tillegg er det sett av 20 mill. kr til vegutbetringane. Dette gir eit samla kostnadsoverslag på 80 mill. kr.

Samfunnsøkonomisk netto nytte (NN) for prosjektet er rekna til -50 mill. kr. Netto nytte pr. investert krone (NN/K) er rekna til -0,6.

3 Lokalpolitisk behandling

Eit opplegg for finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes gjennom innkrevjing av bompengar i sambandet Årsnes - Gjermundshamn blei lagt fram for lokalpolitisk behandling i 2006. Tiltaka blei planlagt gjennomførte innafor ei samla kostnadsramme på 60 mill. 2006-kr. Det blei føresett ei statleg løying på 20 mill. kr i perioden 2006-2009, i tråd med fastsett handlingsprogram. Saka blei behandla av Kvinnherad kommunestyre 20. april 2006. Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

- 1. Kvinnherad kommunestyre søker med dette om løye til innkrevjing av bompengar på ferjesambandet Årsnes-Gjermundshamn for å delfinansiere dei tiltak som er omtalt i vedlagde søknad.*
- 2. Kvinnherad kommunestyre legg til grunn at lånepoptak og nedbetaling med bompengeinntekter blir administrert av eit eige selskap der kommu-*

- nen og fylkeskommunen inngår på eigersida. Det blir seinare fremja eiga sak om dette.*
3. *Oppgåver knytt til sjølve innkrevjinga av bompengane vil bli løyst i eit samarbeid mellom ferjeselskap om bompengeselskap.*
 4. *Det er framleis ein føresetnad for Kvinnherad at den første delen av byggieprosjektet er å omleggia/utbetra vegen Løfallstrand-Årsnes parallelt med bygging av ferjestøet. Vegen må vera ferdig til opning av ferjestøet.*

Hordaland fylkesting behandla saka 10. oktober 2006. Følgjande vedtak blei fatta:

1. *Fylkestinget går inn for opplegget med bompengefinansiering av ny ferjekai på Årsnes og opprustinga av vegstrekninga rv 48 Løfallstrand-Årsnes, slik det ligg til grunn i vedtaket i Kvinnherad 20. april 2006 og i vedlagde bompengesøknad, datert 31. mars 2006.*
2. *Fylkestinget viser til nytteprinsippet og går i tillegg til bompengeinnkrevning på Årsnes-Gjermundshamn også inn for innkrevjing på ferjesambandet Årsnes - Varaldsøy.*

Spørsmålet om også å krevje inn bompengar i ferjesambandet Årsnes – Varaldsøy blei behandla av Kvinnherad kommunestyre 30. august 2007. Følgjande vedtak blei fatta:

1. *Kvinnherad kommunestyre viser til Fylkestinget sitt vedtak den 10. oktober 2006 og går i tillegg til bompengeinnkrevjing på Årsnes-Gjermundshamn også inn for tilsvarande innkrevjing på ferjesambandet Varaldsøy - Årsnes.*
2. *I tråd med nytteprinsippet i staten sine retningslinjer for bompengeprosjekt, skal det ikkje krevjast inn bompengar på ferjesambandet Varaldsøy - Gjermundshamn.*

Etter ein ny kostnadsgjennomgang hausten 2007 blei kostnadsoverslaget oppjustert. Årsaka er mellom anna auka kostnadsnivå i anleggsbransjen. Nytt kostnadsoverslag blei rekna til 80 mill. kr. Som følgje av kostnadsauken blei saka behandla på nytt i Kvinnherad kommunestyre 7. februar 2008. Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

1. *Kvinnherad kommune aksepterer utsetjing fra 2009 til perioden 2010–2013 med refusjon av 20 mill. kr i tidlegare forskoterte midlar til riksveg 551 Austrepollen-Løfallstrand.*
2. *Vilkåret er at midlane i 2009 blir stilte til disposisjon for fullfinansiering av nye Årsnes ferjekai og utbetring av riksvegen mellom Løfallstrand og Årsnes.*

3. *Kvinnherad kommune ber om at Folgefondstunnelen AS aksepterer overtaking av slik reforskotering som det her blir lagt opp til.*
4. *Til utbetring av riksvegen Løfallstrand-Årsnes aksepterer Kvinnherad kommune også bruk av heile eller deler av dei 5,5 mill. kr som kommunen saman med Fusa kommune, Fusa kraftverk og Frank Mohn Fusa AS alt har fått løyve til å forskottere på riksveg 551 Austrepollen-Løfallstrand. Unytta midlar blir å bruke til vidare vegutbetring mellom Sundal og Kroka i Mauranger.*
5. *Kvinnherad kommune ber om at Hordaland fylkeskommune godkjener dette reviderte finansieringsopplegget, og at Statens omgåande handamar og godkjener den omsøkte bompengeordninga for delfinansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av riksvegen frå Løfallstrand til Årsnes.*

Hordaland fylkesutvalg behandla saka 13. mars 2008, og fatta følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet har merka seg at kostnadsoverslaget i prosjektet bygging av Årsnes ferjekai og utbetring av riksvegen mellom Løfallstrand og Årsnes har auka og tek dette til etterretning.*
2. *Fylkesutvalet syner til tidlegare godkjent forskotering for prosjektet riksveg 551 Austrepollen-Løfallstrand på 20 mill. kr med planlagt refusjonstidspunkt i 2009. I samsvar med vedtak i Kvinnherad kommunestyre går fylkesutvalet inn for at denne refusjonen blir utsett til 2010-2013, og at kostnadsauken på prosjektet bygging av Årsnes ferjekai og utbetring av riksvegen mellom Løfallstrand og Årsnes blir dekkja med inntil 20 mill. kr på riksvegbudsjettet i 2009.*

Vedtaka inneber at den statlege løyvinga til prosjektet blir auka frå 20 mill. kr til 40 mill. kr. Dei opphavlege 20 mill. kr i statlege midlar er i handlingsprogrammet for perioden 2006-2009 føresett løyvde i 2009. I Statens vegvesen sitt forslag til statsbudsjett for 2009 er det ikkje funne rom for å foresla statlege midlar til prosjektet. Dette skuldast mellom anna kostnadsauke på fleire igangsette prosjekt på øvrig riksvegnett i Hordaland. Budsjettforslaget medfører derfor at føresette statlege midlar må løvvast i perioden 2010-2013. Hordaland fylkesting vurderte dette i samband med uttale til Statens vegvesen sitt forslag til riksvegbudsjett for 2009. Fylkestinget fatta 10. juni 2008 følgjande vedtak:

Fylkestinget ber om at Stortinget får framlagt bompengesøknad for rv 551 Løfallstrand-Årsnes m/ ferjekai snarast råd. Fylkestinget vil prioritere til-

strekkeleg med midlar til prosjektet som ein del av det regionale vegnettet, for å sikre rasjonell anleggsdrift også etter 2009.

4 Trafikkgrunnlag

Årsdøgntrafikken (ÅDT) i ferjesambanda mellom Løfallstrand og Gjermundshamn og mellom Løfallstrand og Varaldsøy var i 2007 på til saman om lag 500 køyretøy. Den årlege trafikkveksten sidan 1998 har i gjennomsnitt vore på i overkant av 3 pst. i ferjesambandet mellom Løfallstrand og Gjermundshamn. I sambandet mellom Løfallstrand og Varaldsøy har den årlege veksten vore på om lag 2 pst.

Dersom Jondalstunnelen blir vedteken utbygd, jf. St.prp. nr. 72 (2007-2008), vil det vere fire alternative ruter frå Odda til området vest/nord for Hardangerfjorden:

1. Via ferjesambandet Utne – Kvanndal
2. Via Hardangerbrua (ferjesambandet Brimnes – Bruravik fram til opninga av brua)
3. Via ferjesambandet Årnes – Gjermundshamn
4. Via Jondalstunnelen og ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd

At trafikantane har fleire alternativ fører til at det er komplisert å rekne ut fordelinga på dei ulike rutene og dermed trafikkgrunnlaget for sambandet Årsnes – Gjermundshamn. Noko av trafikken som i dag nyttar sambandet til Gjermundshamn som reiseval mellom Odda og Bergensområdet, er venta å velje Hardangerbrua eller Jondalstunnelen etter opninga av desse sambanda. Effekten av Hardangerbrua og Jondalstunnelen på trafikken i sambandet Årsnes – Gjermundshamn er venta å bli dempa noko etter 2016. Då er bompungeinnkrevjinga i Folgefonna-tunnelen avslutta, noko som er venta å gjere ferja via Årsnes noko meir attraktiv som reiseval mellom Odda og Bergensområdet.

For trafikk til og frå Kvinnherad som nyttar ferjesambandet til Gjermundshamn, og for trafikk i sambandet til Varaldsøy, er trafikkveksten venta å utvikle seg om lag som den generelle trafikkveksten i Hordaland. Avvisningseffekten på trafikken som følge av bompungepåslaget i dei nye sambanda frå Årsnes er venta å bli liten. Dette skuldast at dei nye sambanda blir plasserte i takstsone 6 i ferjeregulativet før bompungepåslaget, medan dagens ferjesamband er plasserte i takstsone 8. Opplevd prisauke for trafikantane vil derfor vere mindre enn bompungepåslaget.

Samla sett tilrår Statens vegvesen at det blir lagt til grunn ein framtidig årleg trafikkvekst på 1 pst. for begge ferjesambanda. Prognosene er noko lågare enn dei generelle prognosane for trafikkveksten som er utvikla for Hordaland i samband med Nasjonal transportplan 2010-2019.

5 Finansieringsopplegg

Statlege midlar

Det er lagt til grunn 40 mill. kr i statlege midlar. Det er føresett at 20 mill. kr vil bli stilt til disposisjon i 2009 ved at Kvinnherad kommune utset refusjon av tidlegare forskoterte midlar til rv 551 Austrepollen – Løfallstrand. Midlane blei forskoterte av Kvinnherad kommune og nyttta i perioden 2001-2005. Det var opphaveleg lagt opp til statleg refusjon innan 2009. Kommunen har godteke at refusjonstidspunktet blir utsett til perioden 2010-2013, føresett at dei frigjorte midlane i 2009 i staden blir nyttta til ny ferjekai på Årsnes og utbetring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes. Auka budsjettbinding for staten som følgje av utsett refusjon og omprioritering av midlar, er føresett dekka innafor ramma til øvrige riksvegar i perioden 2010-2013. Det same gjeld for dei resterande statlege midlane til prosjektet på 20 mill. kr. Etter at forvalningsreforma trer i kraft vil desse midlane til øvrig riksvegnett verte overførte til fylkeskommunen sitt rammetilskot.

Bompengar

Det er lagt til grunn at 40 mill. kr vil bli finansiert med bompengar. I tillegg er det føresett at bompengeselskapet forskoterer inntil 20 mill. kr i statlege midlar som er føresett løyvde i perioden 2010-2013. Bompungeinnkrevjinga vil skje i form av takstauke i ferjesambanda. Det er lagt opp til etterskotsinnkrevjing med ein innkrevjingsperiode på 15 år frå fullføring av prosjektet i 2010.

Det er vidare lagt opp til eit bompungepåslag pr. gjennomsnittsreise på om lag 21 kr. Dette tilsvrar ein auke på fire takstsone, dvs. frå takstsone 6 til takstsone 10. Det er føresett rabattar i samsvar med rabattordningane i riksregulativet for ferjetakstar.

Dersom økonomien i prosjektet blir dårlagare enn rekna med, kan bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet, auke takstane med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og forlengje innkrevjingsperioden med inntil fem år.

Andre føresetnader for finansieringsplanen

Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for finansieringsanalysen:

- Lånerente: 6,5 pst.
- Årleg prisstigning: 4,1 pst. fra 2008 til 2009, deretter 2,5 pst.
- Årlege innkrevningskostnader: 0,2 mill. kr

Lånerente på 6,5 pst. føreset at det før anleggsstart ligg føre dokumentasjon fra ein låneinstitusjon om lån innafor denne renta i ein periode på 10-15 år.

Ein eventuell kostnadsauke er føresett dekka i samsvar med gjeldande retningsliner for bompengeprosjekt. Kostnadsoverskridinger på inntil 10 pst. er føresett dekka med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som i finansieringsplanen. Kostnadsauke ut over 10 pst. er føresett dekka innafor den fylkesfordelte investeringsramma til øvrige riksvegar i Hordaland.

Det er også rekna på eit alternativ med følgjande pessimistiske føresetnader:

- Kostnadsauke på 10 pst.
- Ingen årleg trafikkvekst
- Takstauke på 20 pst. etter to år.

Med desse føresetnadene er innkrevningsperioden rekna til om lag 16 år.

6 Samferdselsdepartementet si vurdering

Samferdselsdepartementet har merka seg at dagens ferjekai på Løfallstrand er gammal og nedsliten. Området på Årsnes, der den nye kaia kommer, vil få betre plass og seglingsforholda blir betre. Departementet har merka seg at det vil bli

sett av midlar til å utbetre rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes, som vil bli tilfartsveg til den nye ferjekaia for trafikken sør for Årsnes. Departementet legg stor vekt på at det er lokalpolitisk tilslutning til å delfinansiere bygginga med bompengar.

I St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn - regional framtid har Regjeringa foreslått at det framtidige offentlege vegnettet vil bestå av stamvegar, regionale vegar (øvrige riksvegar og fylkesvegar) og kommunale vegar. Samferdselsdepartementet legg til grunn at det statlege ansvaret for investeringar i øvrig riksvegnett blir overført til fylkeskommunene når forvalningsreforma trer i kraft i 2010. Dette inneber at fylket er ansvarleg for å løyve føresette statlege midlar til prosjektet etter 2009.

7 Avtale

Etter at Stortinget har fatta vedtak om bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av riksvegen mellom Løfallstrand og Årsnes, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bomengeselskapet i tråd med gjeldande standardavtale og dei føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

til rår :

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes i Kvinnherad kommune i Hordaland

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjøre vedtak om bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes i Kvinnherad kommune i Hordaland i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om bygging og finansiering av ny ferjekai på Årsnes og utbetring av rv 551 mellom Løfallstrand og Årsnes i Kvinnherad kommune i Hordaland

I

Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av bygginga etter vilkåra i denne proposisjonen.

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærmere reglar for finansieringsordninga.
